

Tru kan flytte fjell

Dei skrikande behova gjeld ikkje å knyte Søre Sunnmøre nærare til Kristiansund, men å binde Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre saman. I Kristiansund er det vel så viktig å knyte Averøy tettare til byen gjennom Atlanterhavstunnelen, enn det er å knyte Ålesund og Molde tettare saman

I talen sin til fylkestinget for Møre og Romsdal i Kristiansund denne veka sa fylkesordførar Jon Aasen at han trur at om 20 år vil det vere mogeleg å reise frå Nordre Nordmøre til Søre Sunnmøre utan å bruke ferje. Han ser for seg at alle dei store ferjestrekningane for å få dette til er blitt avløyste av faste samband i form av undersjøiske tunnelar eller bruer. Tru er viktig å ha, men det er ikkje nok. Ein treng også pengar, og for desse prosjekta til saman er det snakk om mange milliardar kroner, og i veggamang er 20 år inga lang tid. Spør ein Knut Nærø eller for den del ein Olav Fure. Dessutan er ikkje behovet for å kunne reise frå Nordre Nordmøre til Søre Sunnmøre så stort. At fylkespolitikarar kan ha slike behov, og at prosjektet må ha ei slik utstrekning for å passe saman med fylkeskommunen som utviklingsaktør, det er ikkje vanskeleg å forstå. Men behova, dei skrikande behova, gjeld ikkje å knyte Søre Sunnmøre nærare til Kristiansund, men å binde Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre saman. I Kristiansund er det vel så viktig å knyte Averøy tettare til byen gjennom Atlanterhavstunnelen som det er å knyte Ålesund og Molde tettare saman. Det er bo- og arbeidsmarknadsregionane som må bli større dersom denne delen av landet skal kunne konkurrere om den mest kompetente arbeidskrafta, og all forskning dei seinare åra har vist at det er bo- og arbeidsmarknadsregionar i tilknytning til større bykonsentrasjonar som har størst vekst. For vekstkrafta i Møre og Romsdal er det nok derfor slik at det som burde ha førsteprioritet var å binde vekstsentra Ørsta/Volda og Ulstein-regionen saman med Ålesundsregionen. I dag er dette minst tre arbeidsmarknader som bør kunne reduserast til to eller helst ein og ein halv. Det gir ein potensiell arbeidsmarknad på bortimot 130.000 innbyggjarar, og det gir ein robust region med fleire urbane sentra som vil kunne hauste fordel frå kvarandre. Å knyte heile fylket saman høyrer sjølvstendig ut, men for folket som bor her er ikkje det så viktig. Det er dei nære samanbindingsprosjekta som er viktige, dei innbyggjarane og næringslivet slit med dagleg. I eit slikt perspektiv er det ikkje gitt at det å knyte saman dei tre største byane er det det hastar mest med. Kanskje er det viktigare å bygge Nordøyvegen og Hamnsundsambandet? Ja, vi er nesten sikre på at Nordøyvegen nå har venta lenge nok, og Ålesund burde alliere seg med Haram for å få til Hamnsundsambandet som vil korte inn avstanden mellom byen og det meste av Haram kommune vesentleg. I tillegg peikar ein tunnel frå Ålesund og over til Sula seg ut som ein første etappe på ei kryssing av Breisundet. På Søre Sunnmøre er bygging av Kvivsvegen og tilknytninga til Nordfjord veldig viktig, og ei kryssing av Rovdefjorden må også kome. Det manglar ikkje på vegprosjekt, og alle kan ikkje bli løyste på ein gong. At det kan vere nyttig med ein slags samla plan, slik som fylkesordføraren ser ut til å meine, er sikkert rett, men her er det snakk om å hente midlar frå fleire kasser og skaffe tilleggsfinansiering på ulike måtar, slik at ein må ikkje gjennom ein slags samla og overordne styring basert på fylkestingsvedtak fjerne kampgløden og ståpåviljen hos dei lokale aktørane. Dette er framleis livsviktige einskildprosjekt for bo- og arbeidsmarknadsregionar som i dag er for små, og som ein ikkje minst treng næringslivet med på laget for å delta i kreative løysingar for å få prosjekta finansierte. Pinlig Det er ytterst pinlig for tidlegare partiformann og partigründer Carl I. Hagen å bli avslørt som en som har disponert en hemmelig reisekonto på flere hundre tusen kroner som er blitt benyttet til storbyferier i utlandet for toppene i

Fremskrittspartiet. Disse pengene kommer fra skattebetalerne og er brukt i strid med det som har vært Stortingets forutsetninger. Dette var støttemidler som Stortinget bevilget til partigruppene og midlene skulle brukes til gruppenes virksomhet i Stortinget. Hagen sier at midlene er brukt til studiereiser, men det er nokså åpenbart at turer til utenlandske storbyer sammen med ektefellene lett kan mistenkes å ha preg av ferie og forlystelse. Det finnes heller ingen regnskaper fra reisene og de smule «studiene» er ikke dokumentert. Når en så tenker på hvor nitid Carl I Hagen gransket statsråders reiserekninger i forrige periode, er det ikke mer enn rett og rimelig at det blir gransking av denne affæren også. Formelt var det trolig ikke klare nok regler for bruken av disse midlene, men at de var tiltenkt representantenes feriereiser er i alle fall utelukket. Det er nå på høy tid st Stortinget rydder opp og skaper klare retningslinjer for de midlene som bevilges til partigruppene. Bruken av midlene må være offentlig tilgjengelig og bruken må selvfølgelig dokumenteres som bruken av alle andre skattepenger. Hele denne saken har skadet Stortingets anseelse, og aller helst burde bruken av midlene granskes av en kommisjon utenfor Stortinget.

Publisert torsdag 15. juni 2006 kl. 00:01.